



## Møteprotokoll

**Utval:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen  
**Møtestad:** E-postmøte  
**Dato:** 04.07.-05.07.2022  
**Tidspunkt:**

### Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leder	VANG
Marit Sletten	Nestleder	LOM
Trude Brosvik	Medlem	VLFK
Turi Elise Kaus	Medlem	IFK
Harald Sve Bjørndal	Medlem	VÅGÅ
Ivar Kvalen	Medlem	LUSTER
Hilmar Høl	Medlem	ÅRDAL

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

### Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Merknader:

Møteinncalling sendt ut ved e-post måndag 4. juli. Svar med tilslutning til innstilling i sak 30/2022 motteke på e-post i perioden 4. juli – 5. juli frå alle dei faste styremedlemmane.

### Andre frammøtte:

Namn
Eldrid Nedrelo

### Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som blei vedteke på møtet.

Leif Solemsli (sign.)

---

Marit Sletten (sign.)

---

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 30/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 31/2022	Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Søknad om motorferdsel knytt til nytt utsiktspunkt - Ekehaug Maskin AS		2022/6761

## **ST 30/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 04.07.2022**

#### **Behandling**

Sak behandla av kvart av styremedlem per e-post.

#### **Vedtak**

Ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **ST 31/2022 Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Søknad om motorferdsel knytt til nytt utsiktspunkt - Ekehaug Maskin AS**

#### **Innstilling frå forvaltar**

Ekehaug Maskin AS får dispensasjon for bruk av helikopter for transport av materialar og utstyr for etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen, for bruk av bil på Vettisvegen og for bruk av gravemaskiner, beltedumper og kompressor. Dispensasjon for bruk av helikopter og anleggsmaskiner er gjeven med heimel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 4 første alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ. Dispensasjon for bruk av personbilar på Vettisvegen er gjeven med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 bokstav l.

Dispensasjonen er gjeven med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld i perioden 15. august – 31. oktober 2022, men ved dårleg flyver kan transporten utvidast med ei veke.
- Transporten med helikopter og bil skal avgrensast til det antal turar som er strengt naudsynt for å få gjennomført tiltaket.
- Dispensasjonen gjeld transport av anleggsarbeidarar med personbil på Vettisvegen.
- Dispensasjonen gjeld helikopter med inntil 1200 kg løftekapasitet: Inntil 10 dagar med 1-3 timar flyging pr dag.
- Dispensasjonen gjeld helikopter med inntil 4000 kg løftekapasitet: 1 dag, inntil 2 timar.
- Dispensasjonen gjeld bruk av 2 små gravemaskiner, inntil 3,5 tonn, 1 liten beltedumper og 1 stk. dieseldriven kompressor ved sjølve utsiktspunktet.
- 3 tonns maskin og beltedumper skal nyttast på avgrensa område ved utsiktspunktet, jf. kart vedlagt søknaden.
- 1,2 tonns gravemaskin kan nyttast 1 tur langs ny sti for å grave hol til fundament for nytt sikringsgjerde (jf. kart vedlagt søknaden). Ved fare for å skade sårbar vegetasjon skal haldhanden bor nyttast i staden, evt. skal det gjerast førebyggjande tiltak for å unngå terrengskade.

- Dispensasjon for bruk av 2-3 personbilar på Vettisvegen for transport av anleggsarbeidarar, tilsyn og uføresett. Gjeld i hovudsak innkøyring måndag og utkøyring torsdag ettermiddag i arbeidsperioden. Køyring på Vettisvegen skal samordnast i størst mogleg grad, slik at ein ikkje parkerer fleire bilar enn strengt nødvendig innan landskapsvernområdet. Registreringsnummer på bilane som vert nytta sendast inn til forvaltinga på førehand.
- Innflyging med helikopter skal skje kortaste veg frå Sletterust.
- Dispensasjonen gjeld for vekedagar, ikkje helg.
- SNO v/ Rigmor Solem er varsla om tidsperioder for transporten ved kopi av vedtaket. Kontaktinformasjon til SNO mobilnr. 959 65 158, eller e-post [rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no).
- Dispensasjonen skal takast med ved køyring/flyging og visast ved kontroll.
- Ein enkel rapport om utført oppdrag (tal hiv m.m) skal sendast til nasjonalparkforvaltar ved e-post innan 1. desember 2022.

Motorisert ferdsel i utmark skal også vere godkjent av kommunen, som forvaltingsmyndigheit etter motorferdsellova. Bruk av personbil på Vettisvegen må godkjennast av kommunen i medhald av reglar for Vettisvegen. Det er vidare ein føresetnad at grunneigar ikkje har innvendingar.

--- slutt på innstilling ---

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 04.07.2022**

### **Behandling**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.  
Samrøystes.

### **Vedtak**

Som innstillinga.